Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ Dato: 04.12.2018 Arkivk.: styret/møter/innkalling/17-19

# PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell

**Tidspunkt:** **Måndag 03. desember 2018, kl. 17.00-21.00**

## RAMMEPROGRAM, MÅNDAG 03. DESEMBER 2018

| Program | Tidspunkt | Saker |
|---|---|---|
| Innleiing ved Skistyremedlem Andrea Bell Pedersen | Kl. 17.00-17.15 | |
| Møte i Skikrinsstyret | Kl. 17.15-18.00 | Sak 80-88 |
| Middag, juletallerken | Kl. 18.00-18.45 | |
| Møte i Skikrinsstyret | Kl. 18.45-21.00 | Sak 89-97 |

**REFERATSAKER**
**SAK 80 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
**SAK 81 17-19** **Godkjenning av protokoll nr. 05 17-19 frå Skikrinsstyret**
**SAK 82 17-19** **SFSK AK protokoll nr. 05 17-19**
**SAK 83 17-19** **SFSK AK referat Haustmøtet 2018**
**SAK 84 17-19** **SFSK LK protokoll nr. 04 17-19**
**SAK 85 17-19** **SFSK LK referat Haustmøtet 2018**
**SAK 86 17-19** **SFSK HKK protokoll nr. 04 17-19**
**SAK 87 17-19** **SFSK HKK referat Haustmøtet 2018**

**RAPPORTERING**
**SAK 88 17-19** **Rekneskapsrapport pr. 16.11.2018**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**
**SAK 89 17-19** **SFSK Handlingsplan 2017-2019**
**SAK 90 17-19** **Prosess med ny Handlingsplan 2019-2021**
**SAK 91 17-19** **Skikrinstinget 2019**
**SAK 92 17-19** **Budsjett 2019**
**SAK 93 17-19** **Møteplan 1. halvår 2019**
**SAK 94 17-19** **Utedagen 2019**
**SAK 95 17-19** **Rekruttering/ fråfall aldersgruppa 6-12 år**

**ORIENTERINGSSAKER**
**SAK 96 17-19** **Sogn og Fjordane-leikane**
**SAK 97 17-19** **Høyring framtidig organisering av norsk idrett, ny anleggspolitikk**

**EVENTUELT**

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Per Asbjørn Felde, Oddmund Lefdal, Jan Inge Årdal, Andrea Bell Pedersen (Skistyret) og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Henning Sæthre, Tonje Norheim Tangerud, Sjur Håvard Øygard

**MERKNADER:** Jan Inge Årdal (nestleiar HKK) møtte i stadenfor Henning Sæthre (leiar HKK)

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 80 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 81 17-19** **Godkjenning av protokoll nr. 05 17-19 frå Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 05 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 05 17-19.

**SAK 82 17-19** **SFSK AK protokoll nr. 05 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 83 17-19** **SFSK AK referat Haustmøtet 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå alpinkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**SAK 84 17-19** **SFSK LK protokoll nr. 04 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 85 17-19** **SFSK LK referat Haustmøtet 2018**
**Bakgrunn**
Referat frå langrennskomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**SAK 86 17-19** **SFSK HKK protokoll nr. 04 17-19**
**Bakgrunn**
Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 87 17-19** **SFSK HKK referat Haustmøtet 2018**
**Bakgrunn**
Referat frå hopp- og kombinertkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**RAPPORTERING**
**SAK 88 17-19** **Rekneskapsrapport pr. 16.11.2018**
**Bakgrunn**
Rekneskap pr. 16.11.2018 er vedlagt.
Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 16.11.2018:

| **SFSK Driftsinnt. totalt** | **SFSK Driftskost. totalt** | **SFSK Resultat** | **SFSK Årsbudsjett** |
|---|---|---|---|
| Kr 2 819 152,- | Kr 2 376 745,- | Kr 442 407,- | Kr 0,00 |
| **AU Driftsinnt. totalt** | **AU Driftskost. totalt** | **AU Resultat** | **AU Årsbudsjett** |
| Kr 587 160,- | Kr 439 427,- | Kr 147 733,- | Kr 0,00 |
| **AK Driftsinnt. totalt** | **AK Driftskost. totalt** | **AK Resultat** | **AK Årsbudsjett** |
| Kr 973 355,- | Kr 944 728,- | Kr 28 627,- | Kr 0,00 |
| **HKK Driftsinnt. totalt** | **HKK Driftskost. totalt** | **HKK Resultat** | **HKK Årsbudsjett** |
| Kr 54 160,- | Kr 20 261,- | Kr 33 899,- | Kr 0,00 |
| **LK Driftsinnt. totalt** | **LK Driftskost. totalt** | **LK Resultat pr.** | **LK Årsbudsjett** |
| Kr 1 204 477,- | Kr 972 329,- | Kr 232 148,- | Kr 0,00 |

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 89 17-19** **SFSK Handlingsplan 2017-2019**
**Bakgrunn**

SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsen sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 90 17-19** **Prosess med ny Handlingsplan 2019-2021**
**Bakgrunn**
SFSK sin handlingsplan går fram til Skikrinstinget våren 2019.

Skikrinsstyret diskuterer korleis Handlingsplanen 2017-2019 har fungert og korleis ein ser føre seg at prosessen med ny handlingsplan skal vere.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret gjer vedtak om å revidere noverande handlingsplan.

Greinkomiteane og AU har klart eit framlegg til ny handlingsplan til utgangen av april 2019.

**SAK 91 17-19** **Skikrinstinget 2019**
**Bakgrunn**
Sogn og Fjordane Skikrins skal halde sitt ting innan utgangen av mai 2019. Skikrinsstyret fastsett dato for tinget i møtet.

Vidare diskuterer styret kostnader knytt til Skikrinstinget.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret gjer vedtak om at Skikrinstinget 2019 skal haldast laurdag 25. mai 2019 på Skei, Thon Jølster Hotell.

Greinkomiteane legg Vårmøtet 2019 til same dag og stad.

**SAK 92 17-19** **Budsjett 2019**
**Bakgrunn**
Framlegg til rammer for budsjett for 2019 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2019 balanserar, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 2 963 500,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 2 963 500,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på same nivå som i 2018.

- Markedsavtalane til skikrinsen er reforhandla for budsjettåret 2018, utanom Fjord1 (alpint). Ver merksam på at følgjande markedsavtalar må reforhandlast i 2019 på dagens nivå: SFE (hopp/ langrenn) og Coop Vest SA (alpint/ langrenn).

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 30 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet, integrering, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 12% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

**ARBEIDSUTVALET**

**Styret**
I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 150 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte og Haustmøtet 2019). Her er også teke med kostnad for fellestur til VM alpint i Åre.

Det er budsjettert noko mindre for eigne møter, då skikrinsen sitt Vårmøte går inn under budsjett til krinstinget.

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

**Krinsting**
Det skal gjennomførast krinsting i 2019 og det er budsjettert med ca. kr. 50 000,- i kostnader, på same nivå som budsjett for 2017.

**AU – Drift administrasjon**
**Markedsinntekter**
Samla budsjetterte markedsinntekter i 2019 er ca. kr. 870 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

**Tilskot frå idrettskrins**
Det er budsjettert med kr 100 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2018 syner.

**Lagskontingent**
Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2017 og på same nivå som 2018, og utgjer samla ca. kr. 200 000,-.

**Momskompensasjon**
Jf. signal frå Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med kr. 160 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitèar.

**IT kostnader**
IT kostnadane er budsjettert med kr 35 000,-, same nivå som budsjettet for 2018 viser.

**Rekrutteringsprosjekt**
I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert med sonevise Miljøsamlingar.

Ifbm. Miljøsamlingane er det budsjettert med eit tilskot til tekniske arrangørar i 2019 på tilsaman kr. 15 000,-.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr 10 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltakaravgifter.

**Funksjonshemma**
Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettert med eit tilskot frå NSF på kr 10 000,- (post 3-midlar).

**Trenarkurs/ utdanning**
Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i om lag balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale samt kjøp av kursmateriell m.m.

**Ski i skulen**
Ski i Skulen vert vidareført som prosjektet Utedagen 2019 er det m.a. budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserar seg på utviklingsavtale med fylkeskommunen.

På kostnadssida er det budsjettert med opplæring av instruktørar og lærarar, honorar og reise til instruktørar og administrasjon.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

**Prosjekt Telemark/ Randoneè**
Forventa inntekter på dette prosjektet er kr. 50 000,- , i tråd med tidlegare tilsagn (oppstartsmidlar) frå Skikrinsstyret. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp til eit rammebudsjett i balanse.

**ALPINKOMITEEN**
Alpinkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 001 500,- i driftsinntekter og kr. 1 001 500,- i driftskostnader.

**Drift komité**
Det er budsjettert med kr. 387 200,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Bilhuset Førde, COOP Vest SA og Sparebanken Vest.

Ver merksam på at samarbeidsavtalen med Fjord1 ikkje er fornya pr. d.d. og at Coop Vest SA må reforhandlast i 2019.

Det er også lagt inn kr 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er omlag same nivå som rekneskapstala for 2018 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 446 500,-.

**NM**
Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad, kr 10 000,-. I tillegg er det lagt inn kostnad for overnatting for lagleiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 12 000,-

**Jr. NM**
Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr 15 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

**HL**
På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 56 000,-.

**Cup**
Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 30 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 35 000,-.

**FIS-renn**
Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 15 000,-.

**Samlingar/ krinslag**
Samlingane er budsjettert i høve til alpinkomiteen sitt sportslege opplegg i 2018. Vidare er det budsjettert med innkjøp av nødvendig sportsleg utstyr til komiteen med kr. 20 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 302 500,-.

**Alpinkomiteen**
Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

**HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN**
Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 72 600,- i driftsinntekter og kr. 72 600,- i driftskostnader.

**Drift komité**
Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Ver merksam på at samarbeidsavtalen SFE må reforhandlast i 2019.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 5 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 37 000,-.

**Jr. NM**
Det er ikkje budsjettert med utøvarar til Jr. NM i 2018 frå Sogn og Fjordane.

**HL/ «Solan Gundersen»**
Ifbm. Hovudlandsrennet/ «Solan Gundersen» er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 13 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 000,-

**Cup**
I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 5 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 8 750,-

**Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»**
Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 11 250,-. Ev. ressursar knytt til Sommarhoppskule i Bjørkelibakkane er også knytt til dette prosjektet.

**Hopp- og kombinertkomiteen**

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

**LANGRENNSKOMITEEN**
Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 238 000,- i driftsinntekter og kr. 1 238 000- i driftskostnader.

**Drift komité**
Det er budsjettert med kr 336 800 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 50 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarande nivå som budsjett for 2018.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 453 000,-

**NM, jr. NM og HL**
Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr – 120 000,-

**Cup/ SSF Cup**
Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 47 500,-

**FIS-renn**
I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 2 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 4 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr. På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel då aktuelle løparar får vere med på Hordaland sitt fellesopplegg.
Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 140 000,-

**Krinslag**
På krinslaget er det budsjettert med kr. 330 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), om lag same nivå som rekneskapen for 2018 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 125 000,- i kjøp av klede, kr. 30 000,- i reisekostnader og kr. 195 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 138 000,-.

**Langrennskomiteen**
Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-

**LSV-huer**
Det er ikkje budsjettert med kjøp og sal av LSV-huer.

**GENERELL SLUTTKOMMENTAR**
Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2019.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2018 til 2019, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når Skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2019, når arbeidet med rekneskapen for 2018 er sluttført.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret vedtek rammene for budsjettet 2019, og gjer vidare vedtak om at budsjettet skal reviderast 1. kvartal 2019.

**SAK 93 17-19** **Møteplan 1. halvår 2019**
**Bakgrunn**
Skikrinsstyret fastset møteplan 1. halvår 2019.

**VEDTAK**
Skikrinstinget gjer følgjande vedtak om møteplan 1. halvår 2019;

Måndag 04. februar 2019, Skei/ skypemøte
Måndag 08. april 2019, Skei
Måndag 13. mai 2019, Skei/ skypemøte

**SAK 94 17-19** **Utedagen 2019**
**Bakgrunn**
Adm. sjef har, etter vedtak i Skikrinsstyret, søkt Gjensidigestiftelsen og gåvemidlar i Sparebanken Vest til prosjektet Utedagen 2019.

I tillegg har adm. følgt opp Sogn og Fjordane idrettskrins om status på utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Medio november fekk ein tilbakemelding frå fylkeskommunen om at ein støttar prosjektet i 2019 med kr. 100 000,-.

Når det gjeld den øvrige finansieringa av prosjektet har ein ikkje fått svar på søknad pr. d.d.

M.a.o. er det pr. d.d. økonomisk grunnlag for å starte prosjektet, men i noko mindre omfang enn prosjektbeskrivinga.

Prosjektsøknad er lagt ved som eige vedlegg.

Då prosjektet skal implementerast frå starten av 2019 er det eit ynskje frå adm. at ein nyttar ekstern ressursperson til å følgje opp prosjektet.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Ein førespør aktuell person som får ansvar for å følgje opp prosjektet
- Adm. lagar til informasjon om Utedagen 2019
- Informasjon sendast grunnskular i Sogn og Fjordane ila. desember 2018

**SAK 95 17-19** **Rekruttering/ fråfall aldersgruppa 6-12 år**

**Bakgrunn**

Utviklinga i skiidretten viser fallande aktivitetstal også i aldersgruppa 6-12 år. Det viktige rekrutteringsarbeidet skjer lokalt i skigruppene.

AU ynskjer i møtet ein runde på kva greinkomiteane tenkjer rundt rekruttering og fråfall i aldersgruppa 6-12 år i si grein, og korleis skikrinsen kan jobbe med dette opp mot skigruppene.

GK-leiarane orienterar til desse punkta:

1. Status
2. Utfordringar
3. Kva tiltak bør skikrinsen/grein jobbe med og evt. kva ynskjer greinkomiteen hjelp til i dette arbeidet?

**VEDTAK**

Greinkomite-leiarane orienterte frå si grein i saka og kom m.a. innom følgjande punkt:

Utfordringar:
- rekruttering
- trenar-/ leiarkapasitet i klubb
- kostnad
- ujamn rekruttering (langrenn)
- deltaking på krinsnivå
- anlegg

Tiltak:
- foreldrekurs
- lågterskel arrangement
- sonevise samlingar
- rekrutteringsanlegg/ nærmiljøanlegg

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 96 17-19** **Sogn og Fjordane-leikane**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 08. desember 2018.

Adm. orienterte om status for Sogn og Fjordane-leikane i møtet.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å utsette Sogn og Fjordane-leikane til januar 2019 pga. snøforholda p.t. Adm. kjem tilbake med dato for arrangementet.

**SAK 97 17-19** **Høyring framtidig organisering av norsk idrett, ny anleggspolitikk**

**Bakgrunn**
Norges Skiforbund har bedt skikretsane om innspel på høyringsuttale til Norges idrettsforbund si høyring på framtidig organisering av norsk idrett.

Skikrinsstyret har bedt om innspel frå skigruppene og drøfta saka i styret (pr. e-post).
På bakgrunn av innspel og drøfting sender Skikrinsstyret sitt endeleg innspel til NSF innan 30. november 2018. Innspelet vert ettersendt innkalling til styremøte.

Idrettskrinsen har også bedt om innspel på høyringa. Skikrinsstyret sitt innspel vil difor bli sendt både NSF og Idrettskrinsen.

Høyringsdokumentet finn ein på denne lenka:
https://www.idrettsforbundet.no/siteassets/horing-fremtidig-organisering-av-norsk-idrett.pdf

I tillegg har Idrettskrinsen bedt om innspel på høyringsuttale til Norges idrettsforbund på ny anleggspolitikk innan 07. desember 2018.

Høyringsdokumentet finn ein på denne lenka:
https://www.idrettsforbundet.no/globalassets/idrett/1nyheter/sofie/horing-ny-anleggspolitikk.pdf

Adm. og leiar av anleggsutvalet legg fram framlegg til innspel i møtet.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

| Vedlegg SAK 81 17-19 | Godkjenning av protokoll nr. 05 17-19 frå Skikrinsstyret |
|---|---|

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ Dato: 25.08.2018 Arkivk.: styret/møter/innkalling/17-19

# PROTOKOLL MØTE NR. 05 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019

**Stad:** Årdal i Jølster (hytta til Hallvard Nygård)

**Tidspunkt:** Frammøte, fredag 24. august 2018, kl. 18.00
Avslutning, laurdag 25. august 2018, ca. kl. 13.00

**RAMMEPROGRAM, FREDAG 24. AUGUST 2018**

| Program | Tidspunkt | Saker |
|---|---|---|
| Frammøte | Kl. 18.00 | |
| Møte i Skikrinsstyret | Kl. 18.30-20.30 | Sak 57-70 17-19 |
| Middag | Kl. 21.00 | |

**RAMMEPROGRAM, LAURDAG 25. AUGUST 2018**

| Program | Tidspunkt | Saker |
|---|---|---|
| Frukost | Kl. 08.00 | |
| Møte i Skikrinsstyret | Kl. 09.00-12.00 | Sak 71-79 17-19 |
| Lunsj | Kl. 12.00 | |
| Heimreise | Kl. 12.30 – 13.00 | |

**Sakliste; sjå neste side.**

NORGES SKIFORBUND
SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

| | |
|---|---|
| **REFERATSAKER** | |
| **SAK 57 17-19** | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| **SAK 58 17-19** | **Godkjenning av protokoll nr. 04 17-19 frå møte i Skikrinsstyret** |
| **SAK 59 17-19** | **SFSK Protokoll frå ekstraordinært Skikrinstinget 14.05.2018** |
| **SAK 60 17-19** | **SFSK AK protokoll nr. 03 17-19** |
| **SAK 61 17-19** | **SFSK AK referat Vårmøtet 2018** |
| **SAK 62 17-19** | **SFSK AK protokoll nr. 04 17-19** |
| **SAK 63 17-19** | **SFSK LK protokoll nr. 02 17-19** |
| **SAK 64 17-19** | **SFSK LK referat Vårmøtet 2018** |
| **SAK 65 17-19** | **SFSK LK protokoll nr. 03 17-19** |
| **SAK 66 17-19** | **SFSK HKK protokoll nr. 03 17-19** |
| **SAK 67 17-19** | **SFSK HKK referat Vårmøtet 2018** |
| | |
| **RAPPORTERING** | |
| **SAK 68 17-19** | **Rekneskapsrapport pr. 15.08.2018** |
| **SAK 69 17-19** | **Samordna søknad og rapportering 2017** |
| | |
| **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER** | |
| **SAK 70 17-19** | **Arbeidsdeling i Sogn og Fjordane Skikrins** |
| **SAK 71 17-19** | **SFSK Handlingsplan 2017-2019** |
| **SAK 72 17-19** | **Utedagen 2019** |
| **SAK 73 17-19** | **Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins** |
| **SAK 74 17-19** | **Haustmøtet 2018** |
| **SAK 75 17-19** | **Utestående betalingar til Sogn og Fjordane Skikrins** |
| **SAK 76 17-19** | **Sogn og Fjordane-leikane** |
| **SAK 77 17-19** | **Ordninga spelemidlar til prepareringsutstyr langrenn** |
| | |
| **ORIENTERINGSSAKER** | |
| **SAK 78 17-19** | **Team Veidekke Vest** |
| **SAK 79 17-19** | **Vedtak i alpinkomiteen** |
| | |
| **EVENTUELT** | |

---

| | |
|---|---|
| **TIL STADES**: | Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Henning Sæthre og Ingrid Narum (adm.) |
| **FORFALL:** | Sjur Håvard Øygard, Oddmund Lefdal |
| **MERKNADER:** | |
| **REFERENT**: | Ingrid Narum |

---

**REFERATSAKER**

**SAK 57 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 58 17-19** **Godkjenning av protokoll nr. 04 17-19 frå møte i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 04 17-19 er godkjent elektronisk tidlegare.
Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 04 17-19.

**SAK 59 17-19** **SFSK Protokoll frå ekstraordinært Skikrinstinget 14.05.2018**

**Bakgrunn**

Protokoll frå ekstraordinært Skikrinstinget 14.05.2018 er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 60 17-19** **SFSK AK protokoll nr. 03 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 61 17-19** **SFSK AK referat Vårmøtet 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå alpinkomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**SAK 62 17-19** **SFSK AK protokoll nr. 04 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 63 17-19** **SFSK LK protokoll nr. 02 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 64 17-19 **SFSK LK referat Vårmøtet 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå langrennskomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 65 17-19 **SFSK LK protokoll nr. 03 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 66 17-19 **SFSK HKK protokoll nr. 03 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 67 17-19 **SFSK HKK referat Vårmøtet 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå hopp- og kombinertkomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**RAPPORTERING**

SAK 68 17-19 **Rekneskapsrapport pr. 15.08.2018**

**Bakgrunn**

Rekneskap pr. 15.08.2018 er vedlagt.
Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 15.08.2018:

| SFSK Driftsinnt. totalt | SFSK Driftskost. totalt | SFSK Resultat | SFSK Årsbudsjett |
|---|---|---|---|
| Kr 2 305 671,- | Kr 1 861 398,- | Kr 444 273,- | Kr 0,00 |
| **AU Driftsinnt. totalt** | **AU Driftskost. totalt** | **AU Resultat** | **AU Årsbudsjett** |
| Kr 480 619,- | Kr 339 595,- | Kr 141 024,- | Kr 0,00 |
| **AK Driftsinnt. totalt** | **AK Driftskost. totalt** | **AK Resultat** | **AK Årsbudsjett** |
| Kr 842 355,- | Kr 780 192,- | Kr 62 163,- | Kr 0,00 |
| **HKK Driftsinnt. totalt** | **HKK Driftskost. totalt** | **HKK Resultat** | **HKK Årsbudsjett** |
| Kr 29 660,- | Kr 11 541,- | Kr 18 119,- | Kr 0,00 |
| **LK Driftsinnt. totalt** | **LK Driftskost. totalt** | **LK Resultat pr.** | **LK Årsbudsjett** |
| Kr 953 037,- | Kr 730 071,- | Kr 222 966,- | Kr 0,00 |

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

**SAK 69 17-19**

## Samordna søknad og rapportering 2017

**Bakgrunn**

Samordna søknad og rapportering (tidl. Idrettsregistreringa) gjennomførast i perioden 01.-30. april ved at idrettslaga rapporterar nøkkelinformasjon til NIF.

Tala frå idrettsregistreringa danner grunnlag for ulike økonomiske støtteordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale mildar etc.)
Tala dannar vidare grunnlag for statistikkar om og for idretten.

Av medlemmar i idrettslaget skal følgjande registrerast som aktive i særgruppene/ grein:

- Alle utøvarar, både dei som er aktive innan konkurransar og alle dei som deltek på aktivitetar innan trening, trimaktivitetar, turrenn, karusellrenn etc. som er i regi av idrettslaget eller annan skiaktivitet i regi av idretten.
- Alle som har eit verv eller oppgåve i idrettslaget; t.d. styreverv, komitear og andre valte eller oppnevnte oppgåver – trenarar, oppmenn og andre faste oppgåver som utførast over ein tidsperiode – andre faste oppgåver innan t.d. arrangement; tidtakarar, stadion, løype, kafè, sekretariat, osv.

Det er elles svært viktig at skikrinsen følgjer opp registreringa av aktive medl. i skigruppene, sidan ordninga er avgjerande m.o.t. tilskotsordningane frå Norges Skiforbund.

I 2016 vart det innført ei ny ordning med elektronisk medlemsregistrering. Dvs. at alle idrettslag må registrere sine medlemmar i eit godkjent elektronisk medlemsregister. Dette er eit krav som følgje av medlemskapet i NIF.

### Sogn og Fjordane Skikrins – Idrettsregisteringa 2007-2017

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins 2007-2017



NORGES SKIFORBUND

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Fig. 2) Idrettsregistreringa 2017 Sogn og Fjordane Skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 6-12 år, 2007-2017



Fig. 4) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins
aldersgruppa 13-19 år, 2007-2017




Fig. 5) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins, aldersgruppa 6-12 år
samanlikna med aldersgruppa 13-19 år




**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 70 17-19 Arbeidsdeling i Sogn og Fjordane Skikrins**

**Bakgrunn**
Skikrinsstyret drøftar rammene for arbeidsdeling i organisasjonen.

Skikrinsstyret gjorde m.a. følgjande vedtak om rammene i sak 08 17-19:
- Ein skal legge til rette ei for ei tydeleg arbeidsdeling i organisasjonen

**Framlegg til VEDTAK**
Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak for arbeidsdeling i organisasjonen;

- Styreleiar sine hovudoppgåver er avklara.
- Arbeidsdeling på hovudoppgåver for Skikrinsstyret elles:
  - oppfølging anlegg: Hallvard N.
  - oppfølging marknad: Tonje T.
  - oppfølging klubbutvikling: Margot Å.
  - oppfølging av grein: GK-leiarar
- Skikrinsstyret samhandlar med administrasjon om hovudoppgåvene slik;
  - ærleg og god dialog
  - gir svar tilbake til adm. på førespurnad
  - halde fristar frå adm.
- Greinkomiteane:
  - har ansvar for aktiviteten i si grein
  - tek initiativ for sine aktivitetar
  - GK-leiar rapporterer til Skikrinsstyret og bør gjere ei arbeidsdeling internt i komiteen
- Elles er SFSK si lov styrande for ansvar og oppgåver i organisasjonen.
- I tillegg er vedtak om ansvar for tiltak i SFSK sin handlingsplan retningsgivande for arbeidsdeling i organisasjonen.

**SAK 71 17-19** **SFSK Handlingsplan 2017-2019**

**Bakgrunn**
SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsen sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 72 17-19** **Utedagen 2019**

**Bakgrunn**
Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 48 17-19 om å vidareutvikle prosjektet «Ski i Skulen» i høve til innhaldet i skulane sine tradisjonelle skidagar.

I tråd med drøftingar i Skikrinsstyret vart det utarbeidd og sendt ein prosjektsøknad til Sparebankstiftinga der ein søkte om støtte på kr. 130 000,- til prosjektet Utedagen 2019. Søknaden fekk avslag.

Vidareføringa av prosjektet vinteren 2019 noko usikker, m.a. fordi finansieringa er avhengig av ein ny utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt gåvemidlar.

Adm. var i møte med Sogn og Fjordane idrettskrins 13. februar 2018 om ny utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, og i etterkant vart prosjektsøknad sendt fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har ikkje gitt svar på søknad og tilbakemelding er blitt etterspurt via idrettskrinsen.

Skikrinsstyret drøfta i møtet om ein skal søke andre om støtte.

Rapport for prosjektet Ski i Skulen 2018 vart presentert i møtet. Rapporten er ikkje sendt mottakarane.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret gjer vedtak om å søke Gjensidigestiftelsen og gåvemidlar i Sparebanken Vest.

Adm. følgjer opp Sogn og Fjordane idrettskrins om status på utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**SAK 73 17-19** **Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins**
**Bakgrunn**
Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

| **Verksemd** | **Grein** | **Går ut** | **Status** |
|---|---|---|---|
| Fylkeskommunen | AU/Ski i Skulen | | Møte med SOFIK 13. februar 2018. I prosess. |
| AVIS Bilutleige | AU | 2018 | Avtalen går ut 31.08.2018. Reforhandling haust 2018. |
| ByggTeam AS | Langrenn | 2018 | Avtalen vart ikkje fornya. |
| Sparebanken S. og Fj | Langrenn | 2020 | Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2020). |
| Intersport Førde/ Erdal Sport AS | Langrenn | 2021 | Avtale reforhandla i 2018. |
| SFE | Hopp/ langrenn | 2019 | Avtale reforhandla i 2017. |
| COOP Vest SA | Alpint | 2018 | Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast hausten 2018. |
| Fjord1 | Alpint | 2018 | Avtalen går ut 01.09.2018. Er i reforhandling. |
| Sparebanken Vest | Alpint | 2021 | Eksisterande avtale går ut 31.12.2018. Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2021). |
| Frydenbø Bilsenter AS | Alpint | 2017 | Avtalen vart ikkje fornya. Er i forhandling med ny samarbeidspart. |

I sak 12 17-19 vart gjort følgjande ansvarsdeling av Skikrinsstyret:

1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
2) ByggTeam, ansv.: Adm.
3) G-Sport/ Erdal Sport AS, ansv.: Adm.
4) Frydenbø Bilsenter AS, ansv.: Atle H.
5) Fjord1, ansv.: Atle H. Tonje N. og adm.
6) Sparebanken Vest, ansv.: Atle H. og adm.

NORGES SKIFORBUND
SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer følgjande ansvarsdeling:

1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
2) Ny samarbeidsavtale alpint, ansv.: AK + Adm.
3) Fjord1, ansv.: Atle H. og adm.
4) Coop Vest SA, ansv.: Tonje T. + adm.
5) AVIS Bilutleige, ansv.: Adm.

**SAK 74 17-19** **Haustmøtet 2018**
**Bakgrunn**
Haustmøtet til Sogn og Fjordane Skikrins vert gjennomført laurdag 27. oktober på «Idrettens Møteplass» i Sogndal v/ Fosshaugane Campus.

Programmet blir likt som i 2017:

| | |
|---|---|
| Kl. 09.30-10.00 | Registrering, kaffi |
| Kl. 10.00 | Fellesforedrag |
| Kl. 12.00 | Lunsj |
| Kl. 13.00-16.00 | Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins<br>- alpint<br>- langrenn<br>- hopp og kombinert<br>- telemark/ randonee |

Parallelt vert det planlagt ei tverridrettsleg treningssamling for aldersgruppa 12-16 år (f. 2002-2006).

**VEDTAK**
Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak til saker til fellesdelen for Haustmøtet:

- presentasjon Sogn og Fjordane-leikane
- aktuelt tema anlegg

**SAK 75 17-19** **Utestående betalingar til Sogn og Fjordane Skikrins**
**Bakgrunn**
Adm. må bruke tidvis mykje tid på purring av utestående betalingar til skikrinsen. Dette gjeld særleg faktura til enkeltpersonar som deltek på aktivitet i regi av skikrinsen.

Skikrinsstyret drøfta saka prinsipielt i møtet og kva retningslinjer ein skal nytte. Adm. presenterte framlegg til rutinar for purring og evt. inkasso.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak:

1) Adm. utarbeider faste rutinar for purring og evt. inkasso.
2) Etter 1. purring på betaling må denne vere betalt før vedkommande får melde seg på ny aktivitet i regi av skikrinsen.
3) 2. purring blir sendt som inkassovarsel.
   Deretter blir det sendt til inkasso.

**SAK 76 17-19** **Sogn og Fjordane-leikane**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret skal legge føringar for implementering av nye arrangementkonsept (som t.d. skicross, «Sogn og Fjordane-leikane» treningshelg) i greinkomiteane sine terminlister, jf. tiltak i SFSK Handlingsplan 2017-2019.

Tonje T. presenterte konseptet Sogn og Fjordane-leikane i møtet.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 15. desember 2018.

Greinkomiteane legg til rette for treningssamling søndag 16. desember 2018 same stad.

Tonje T. og adm. jobbar vidare med arrangementkonseptet.

**SAK 77 17-19** **Ordninga spelemidlar til prepareringsutstyr langrenn**

**Bakgrunn**

Ordning spelemidlar til utstyr har søknadsfrist i oktober (dato ikkje fastsett for 2018).

I høve til Norges Skiforbund si vidare handsaming av søknadane skal respektive skikretsar utføre prioritering frå 1-3 på søknader på prepareringsutstyr for langrenn. Det er Anleggskomiteen som skal utarbeide framlegg til pritoritering, før denne vert endeleg handsama av Skikrinsstyret.

Skikretsane har kort frist for innstilling til Norges Skiforbund på søknadane, og Anleggskomiteen ynskjer ha kriteria for prioritering klar på førehand.

Informasjon om ordninga finn ein følgjande lenke (under spelemidlar til utstyr): https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/stotteordninger/

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 78 17-19** **Team Veidekke Vest**

**Bakgrunn**

Agder og Rogaland Skikrets, Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins inngjekk i 2015 eit samarbeid om Team Veidekke Vest (TVV).

TVV er eit treningsfellesskap der partane skal samarbeide om ein felles spissa satsing for dei aller beste senior langrennsløparane i regionen. TVV har som mål å utvikle løparar til landslagsnivå og vere eitt av Norges Skiforbund (NSF) sine viktigaste rekrutteringsmiljø.

LK-leiar er SFSK sin representant i styringsgruppa.

Avtalen forplikter alle parter økonomisk og juridisk.

Kvar av partane stiller kr 100.000 som garanti for laget si drift. Dette beløpet fakturerast ikkje utan særskilt vedtak i styringsgruppa. Garantibeløpet er ein «siste utveg». Andre aktuelle finansieringsmåtar skal prioriterast.

I forslag til budsjett pr. juni 2018 har styringsgruppa budsjettert med minus for sesongen 2018-2019 for å få eit godt nok sportsleg opplegg for. Vidare har leiar av styringsgruppa bedt styringsgruppa om at det skal signaliserast til kretsane at delar av garantien på kr. 100.000 per krets vil måtte utløysast kommande sesong.

LK-leiar og styreleiar informerte om status på møtet.

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 79 17-19** **Vedtak i alpinkomiteen**
**Bakgrunn**
Alpinkomiteen gjorde følgjande vedtak 22.06.2018:

*Alpinkomiteen (AK) har teke ei investering i fellesutstyr til bruk på samlingar og trening i 2018 på kr. 70 300,-, men ynskjer ikkje at dette skal gå utover aktiviteten AK legg til rette for. Dersom AK går med underskot i 2018 dekkast underskotet inn med oppspart eigenkapital. (Overskot i 2017 for AK var på kr. 91 102,-. Oppspart eigenkapital for AK var pr. 01.01.2018 kr. 279 194,-.)*

**VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**EVENTUELT**

**Neste møte i Skikrinsstyret;**

Måndag 03. desember, Skei

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

| | |
|---|---|
| Finn Årdal (s) | Ingrid Narum (s) |
| Leiar | Adm. sjef |

| Vedlegg SAK 82 17-19 | SFSK AK protokoll nr. 05 17-19 |
|---|---|

Alpinkomiteen@

Sakshand.: IN/PAF Dato: 25.09.2018 Arkivk.: ak/møter/innkalling/17-19

# PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I ALPINKOMITEEN, 2017-2019

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell
**Tidspunkt:** Tysdag 25. september 2018, kl. 18.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**
**SAK 50 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
**SAK 51 17-19** **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 04 17-19 i AK**
**SAK 52 17-19** **Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018**
**SAK 53 17-19** **Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret**
**SAK 54 17-19** **Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret**
**SAK 55 17-19** **Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**
**SAK 56 17-19** **Terminliste/samlingsplan 2018-2019**
**SAK 57 17-19** **Hovudlandsrennet 2019**
**SAK 58 17-19** **Telenorleikane 2019**
**SAK 59 17-19** **Arbeidsavtalar for krinstrenarar**
**SAK 60 17-19** **Krinsbekledning**
**SAK 61 17-19** **Sponsormateriell arrangement**
**SAK 62 17-19** **Sogn og Fjordane-leikane**
**SAK 63 17-19** **Handlingsplan 2017-2019**
**SAK 64 17-19** **Sakliste til Haustmøtet 27. oktober 2018**
**SAK 65 17-19** **Utøvarstipend Sparebanken Vest**

**RAPPORTERING**
**SAK 66 17-19** **Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018**

**ORIENTERINGSSAKER**
**SAK 67 17-19** **Orientering om markedsarbeidet til komiteen**

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES**: Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Trude Dalset, Roger Ellingsund og Ingrid Narum (adm.).

**FORFALL:** Hege Venes

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 50 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 51 17-19** **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 04 17-19 i AK**

**Bakgrunn**

Protokoll nr. 04 17-19 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.
Denne er godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 04 17-19.

**SAK 52 17-19** **Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå Vårmøtet er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek referatet til orientering.

**SAK 53 17-19** **Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 54 17-19** **Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 55 17-19** **Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 56 17-19** **Terminliste/samlingsplan 2018-2019**

**Bakgrunn**

Utkast til terminliste er vedlagt.

Samlingsplan finn ein på denne lenka;
https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/spv-samlingar/

Viser til vedtak i Sak 42 17-19;

*Fleire lågterskel renn:*
- *skicross-løype*
- *kort løype – manuell tidtaking eller ikkje tidtaking*

*Dobbelrenn på ein dag/ kombinert med samling:*
- *dobbelrenn på same dag og same disiplin*

*Ved enkeltrenn bør arrangør har oppvarmingsløype og at løypa står open for trening etter renn i SL.*
*Ved renn i SSL bør arrangør legge opp til trening og renn i same løype, trening før og etter rennet. Foreldre frå andre klubbar bør bidra på gjennomføring av trening.*
*Alpinkomiteen informere om dette på Haustmøtet.*

Sogn og Fjordane-leikane er fastsett til laurdag 08. desember 2018 i Sogndal, Hodlekve. Sjå eiga sak.

Young Attacing Vikings/ foreldrekurs er planlagt på Harpefossen 19.-20. januar. NSF har stadfesta bidrag med kompetanseressursar.

Barmarkssamlingar er gjennomført på Byrkejo og Naustdal, og er planlagt på Sandane, Sogndal (Idrettens Møteplass) og Byrkjelo.

**VEDTAK**
Komiteen gjer følgjande vedtak til terminlista og samlingsplanen 2018-2019;

- Breiddesamling Hafjell 08.-10. februar 2019 kjem inn på samlingsplanen og krinsen stiller med ein trenar.

- Precamp Telenorleikane for U14 når det er lokal samling 23.-24. mars 2019.

- Sportsleg ansvarleg drøftar med hovudtrenar om ein skal nytte krinstrenar på ECO Hafjell 18.-20. januar 2019.

- Ved god kapasitet på trenarkrefter på kveldtrening Jølster kan krinstrenar prioritere å reise rundt på klubbtreningar. Om mindre kapasitet på trenarkrefter bør kveldstrening vere annakvar veke i Jølster og annakvar veke rundt i klubb.

- Rammeprogram til samling skal vere klart minium 1 veke før påmeldingsfristen.

- Komiteen presenterer forslag på Haustmøtet til korleis arrangør kan gjennomføre arrangement. Sjå vedtak Sak 42 17-19. Komiteen oppmodar til manuell tidtaking på kort løype.

**SAK 57 17-19** **Hovudlandsrennet 2019**

**Bakgrunn**

Hovudlandsrennet i alpint vert avvikla på Oppdal 02.-07. april 2019. Komiteen oppnemner hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om at det er ein hovudleiar under heile Hovudlandsrennet. Hovudtrenar oppnemner hovudleiar.

Elles har komiteen ynskjer om Precamp lokalt dersom forhold på bakgrunn av erfaringar frå sist sesong. Alternativ fleire dagar mellom Precamp og Hovudlandsrennet.

**SAK 58 17-19** **Telenorleikane 2019**

**Bakgrunn**

Telenorleikane i alpint vert avvikla i Sauda i perioden 29.-31. mars 2019. Komiteen oppnemner hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om at det er ein hovudleiar under heile arrangementet. Hovudtrenar oppnemner hovudleiar.

Elles har komiteen ynskjer om Precamp for U14 23.-24. mars når det er lokal samling.

**SAK 59 17-19** **Arbeidsavtalar for krinstrenarar**

**Bakgrunn**

Arbeidsavtalane for krinstrenarar går ut ved årsslutt og må fornyast for 2019.

Viser til vedtak i Sak 14 17-19;

*Alpinkomiteen gjer vedtak om at aktuelle krinstrenarar får tilbod om oppdragsbaserte arbeidsavtalar i 2018.*

*Økonomisk nivå i arbeidsavtalane skal vere innanfor dei økonomiske budsjettrammene til komiteen i 2018.*

*Ein legg vidare opp til at det skal vere eit differensiert lønsnivå i avtalane basert på dei ulike trenarane sin kompetanse, trenarerfaring etc. I tillegg vil hovudtrenar få ekstra godtgjersle for arbeidet knytt til organisering og planlegging.*

*Adm. sjef følgjer opp saka saman med leiar i komiteen.*

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om å forlenge noverande avtalar med krinstrenarar ut sesongen, dvs. til 30.04.2019.
Nye avtalar skal avtalast i april 2019 og desse skal følgje sesongen (01.05-30.04).

Leiar og adm. følgjer opp vedtaket.

**SAK 60 17-19** **Krinsbekledning**

**Bakgrunn**

Alpinkomiteen har jobba med å få til felles krinsbekledning gjennom eit sponsor-samarbeid med Intersport Sogndal.

Ovanfor sponsorane til AK er det viktig at ein raskt får flest mogleg til å nytte ny krinsbekledning. AK bør vurdere å gå inn med eigne midlar for å få kostnaden ned slik at prisen ut til alle vert lågare.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om legge fram saka på Haustmøtet der ein presenterer alternativ til krinsbekledning, og oppmodar flest mogleg å skaffe seg eit plagg.
Det bør presiserast at alpinkomiteen sine sponsorar er med å finansierer samlingane i krinsregi.

Komiteen gjer vidare vedtak om å subsidierer ein del av kostanden for krinsbekledning for aktive (dei som deltek på renn og samlingar). I tillegg at utøvarar som kjøper krinsbekledning får «krinspris» på samlingar i krinsregi. Andre må betale meir for deltaking på samlingar.

Komiteen presiserer på Haustmøtet kor viktig det er at dei som nyttar seg av krinstiltak ikkje brukar klede med tidlegare sponsorar.

Adm. følgjer opp Intersport Sogndal i høve vidare prosess for bestilling og klargjering av krinsbekledning.

**SAK 61 17-19** **Sponsormateriell arrangement**

**Bakgrunn**

Alpinkomiteen tek ein gjennomgang på sponsormateriell som skal nyttast på arrangement til vinteren.

Ovanfor sponsorane til AK er det viktig at ein får ei samlande og proff stadionreklame der alle sponsorane er samla på ein banner. Denne bør nyttast bak premiepallen og i samband med fotografering.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om kartlegge all sponsormateriell til alpinkomiteen, både kor mykje ein har og om det er behov for nytt.
Det må undersøkast både i alpingruppene og med krinskontoret.
Hege V. får ansvar for å organisere kartlegginga.

Magne H. følgjer opp utforming av «sponsorvegg». Adm. følgjer opp når alle sponsorar er på plass. «Sponsorveggen» bør vere klar til sesongstart.

**SAK 62 17-19** **Sogn og Fjordane-leikane**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 08. desember 2018.

Greinkomiteane legg til rette for treningssamling søndag 09. desember 2018 same stad.

**VEDTAK**
Planlagt lokal alpinsamling 08.-09. desember 2018 vert lagt til Sogndal (Hodlekve).

**SAK 63 17-19** **Handlingsplan 2017-2019**
**Bakgrunn**
Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

Planen finn ein vedlagt.

I møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte alpinkomiteen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**
Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling.

**SAK 64 17-19** **Sakliste til Haustmøtet 27. oktober 2018**
**Bakgrunn**
Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2018 skal avviklast 27. oktober i Sogndal på Idrettens Møteplass.

På Haustmøtet til alpinkomiteen i 2017 var dette saklista:

- Orientering frå Haustmøtet i NSF
- Evaluering av Fjord1 samlingane 2017
- Sportslege rammer 2018
- Terminlista 2017-2018
- Kvalifiseringsreglementet til HL/ Telenorleikane 2018
- Økonomi/ marked

**VEDTAK**
Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 27. oktober 2018:

1) Orientering frå Haustmøtet i NSF
2) Evaluering av barmarkssamlingane 2018
3) Samlingsplan 2018-2019
4) Terminlista 2018-2019
5) Trenarkurs
6) Krinsbekledning
7) Utøvarstipend Sparebanken Vest
8) Økonomi/ marked

**SAK 65 17-19** **Utøvarstipend Sparebanken Vest**
**Bakgrunn**

Ved fornying av samarbeidsavtale med Sparebanken Vest (SPV), gjeldande frå 01.01.2019, kom det framlegg frå SPV om moglegheit for utøvarar om å søke på stipend hjå dei.

SPV ynskjer at skikrinsen (alpinkomiteen) står som søkar og kjem opp med kandidatar som ein meiner har potensiale til å nå langt.
Søknadsfrist er 01. april 2019 og stipendet kan delast ut i samband med Vårmøtet til skikrinsen.
Om det er fleire kandidatar må ein evt. dele opp summen i stipendet.

**VEDTAK**
Komiteen gjer vedtak om at følgjande kriterie skal ligge til grunn for søknad på utøvarstipend:

- FIS-løparar
- Utøvar frå Sogn og Fjordane og representerer klubb frå Sogn og Fjordane
- Utøvar må vise potensiale til å nå langt
- Utøvaren viser gode haldningar

Fristen for søknad til alpinkomiteen er 01. mars 2019.

Vidare informerer komiteen om Sparebanken Vest sitt utøvarstipend på Haustmøtet 27. oktober.

**RAPPORTERING**

**SAK 66 17-19** **Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018**

**Bakgrunn**
Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018 er lagt ved som eige vedlegg.
Rapporten vart presentert i møtet.

Viser til alpinkomiteen sitt vedtak 22.06.2018:

*Alpinkomiteen (AK) har teke ei investering i fellesutstyr til bruk på samlingar og trening i 2018 på kr. 70 300,-, men ynskjer ikkje at dette skal gå utover aktiviteten AK legg til rette for. Dersom AK går med underskot i 2018 dekkast underskotet inn med oppspart eigenkapital. (Overskot i 2017 for AK var på kr. 91 102,-. Oppspart eigenkapital for AK var pr. 01.01.2018 kr. 279 194,-.)*

**VEDTAK**
Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 67 17-19** **Orientering om markedsarbeidet til komiteen**

**Bakgrunn**
Status i Sogn og Fjordane Skikrins - alpint sitt markedsarbeid.

| **Verksemd** | **Grein** | **Går ut** | **Status** |
|---|---|---|---|
| COOP Vest SA | Alpint/ langrenn | 2018 | Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast hausten 2018. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fjord1 | Alpint | 2018 | Avtalen går ut 01.09.2018. Er i reforhandling. |
| Sparebanken Vest | Alpint | 2021 | Eksisterande avtale går ut 31.12.2018. Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2021). |
| Intersport Sogndal | Alpint | 2019 | Avtale signert 22.09.2018. Opsjon om 3-årig avtale til 2021. |
| Frydenbø Bilsenter AS | Alpint | 2017 | Avtalen vart ikkje fornya. Er i forhandling med ny samarbeidspart. |

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i sak 73 17-19:

6) Ny samarbeidsavtale alpint, ansv.: AK + adm.
7) Fjord1, ansv.: Atle H. og adm.
8) Coop Vest SA, ansv.: Tonje T. + adm.

**VEDTAK**
Komiteen tek saka til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Per Asbjørn Felde (s)
Leiar AK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

| Vedlegg SAK 83 17-19 SFSK AK referat Haustmøtet 2018 |
|---|

# Referat Haustmøte Alpint, Sogndal 27.10.2018

**Til stades:** Anders Felde, Per Asbjørn Felde, Vidar Taklo, Eirik Solheim, Signe Marie Hauge, Tor Egil Nedrebø, Helge Følid, Anders Engeland, Peder Felde, Roger Ellingsund, Knut Munthe Olsen, Magne Hofslundsengen, Hege Venes, Marius Reed og Eilert Aarseth.

**SAK 1:** Godkjenning og innkalling og saksliste.

- Innkalling og saksliste er godkjent

**SAK 2**: Val av referent.

- Hege Venes vart vald til referent

**SAK 3**: Utøvarstipend Sparebanken Vest

- Fis løparar
- Representere klubb frå Sogn og Fjordane
- Gode haldningar
- Vise størst potensiale
- Klubbane kan komme med forslag til AK
- Søknadsfrist 1. Mars
- Ved fleire løparar blir summen delt.
- Info på skikrinsen si nettside
- Utøvarstipend blir kun utbetalt ein gong til løpar

**SAK 4**: Orientering frå Haustmøte i NSF.

- Krav om hjelm i bakken til trenar og foreldre
- Sogn og Fjordane skikrins oppmodar at trenar og foreldre brukar hjelm
- Parallellslalåm i NM som eigen grein
- Telenor Landsfinale er det eigen klasse for 13 år og eigen klasse for 14 år
- Hovudlandsrennet er 15-16 år i ein klasse

**SAK 5**: Evaluering av barmarkssamlingane 2018

- Tilbakemelding om dårleg info på samlingar
- At alle aldersgrupper skal få delta på samlingar
- U-14 og U-16 skal ha enkelt dagar med styrke
- Skikrinsen ønskjer å vite korleis foreldre som deltek på skisamlingar
- Ekstra trenarkrefter
- Innspel om test/kartlegging
- Treningsprogram for U-14-16
- Løpar skal føre treningsdagbok, trenar kan leggje til rette eit treningsprogram til enkelt løpar
- Innspel om barmarkssamlingar Fredag- Laurdag
- Barmarkssamlingane skal vere på Byrkjelo/ Sandane
- Same trenar på barmarkssamlingane er tryggheit for dei yngre løparane

**SAK 6**: Samlingsplan 2018/2019

- Kontinuitet på trenarkrefter, trenarar må ha ein felles oppgåve med den enkelte løpar
- Foreldrepåmelding til samlingar, dette til info for kven som kan bidra i bakken
- Ønskje om at trenar kan ha tlf kontakt med løparar etter treningar
- Kven bidreg på rekrutteringssamlinga på Harpefossen. NSF, krets og klubb, annonsering utover facebook og kretssider. Aviser er ønskjeleg.
- For mange samlingar på Jølster, fleire samlingar blir arrangert andre plassar avhengig av forhold og trenarkrefter

**SAK 7**: Terminlista 2018-2019

- Tilbakemelding på terminlista
- Innspel om for lite renn for U12 og yngre
- Innspel Førde Alpint kjem ikkje til å reise på ÅL fart den 12-13 Januar. Dei kan arrangere renn for dei yngre.
- Innspel om eit renn 5-6 Januar, rekrutteringsrenn
- Innspel om at Sogn og Fjordane skikrins arrangerer Vestlandsmeisterskapet i Hodlekve. Om det er same helga som Donald Duck
- Klubber/foreldre hjelper kvarandre for gjennomføring på renn og trening i dei forskjellige anlegga
- Renndagar er også treningsdagar

- Innspel om kvifor renn i Stryn når det ikkje er løparar
- Young Attacing Viking på Haugen 19-20 Januar
- Motivere alle løparar i  klubbane til å delta på denne samlinga
- Overnatting for løparar og foreldre

**SAK 8**: Trenarkurs
- TD kurs skal leggjast til rette i forbindelse med ei samling
- Ja, det vart vedteke at ein gjennomfører trenarkurs (trenar 1 alpint)

**SAK 9**: Krinsbekledning
- Haustmøte vedtok at ein skal ha gule jakker.
- Oppfordrar alle til å bestille, viktig å profilere sponsorane
- Høgare treningsavgift(50,-)til dei som ikkje brukar krinsbekledning

**SAK 10**: Økonomi/marked
- Ingrid Narum orienterte om økonomi og samarbeidspartnar avtaler
- Innspel om at AK dekkjer fleire enn 5 renn til FIS løparar i fylket

**EVENTUELT**:
- Anders Engeland informerte om at Mats Engeland kan vere med som trenar for vintersesongen
- Kortsamarbeid som i fjor, Sogndal og Jølster
- Intersport ved Reidar Dvergedal og Bjørn Ness, rabattprisar til løparar
- 30% på skismurning
- 20% på ull
- 15% på løpesko
- Handledagar
- Intersporthytta 5 døgn gratis
- 40% ski rabatt ved fleire par til sliping
- 20% for eit par til sliping
- Dei ønskjer liste over løparar i butikk som skal ha rabatt

Ref. Hege Venes

**Vedlegg SAK 84 17-19 SFSK LK protokoll nr. 04 17-19**

Langrennskomiteen@

Sakshand.: IN/OL Dato: 24.09.2018 Arkivk.: lk/møter/innkalling/17-19

# PROTOKOLL TIL MØTE NR. 04 I LANGRENNSKOMITEEN, 2017-2019

| | |
|---|---|
| **Stad:** | Skei, Thon Jølster Hotell |
| **Tidspunkt:** | Måndag 24. september 2018, kl. 18.00-21.00 |

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

| | |
|---|---|
| **SAK 34 17-19** | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| **SAK 35 17-19** | **Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 frå langrennskomiteen** |
| **SAK 36 17-19** | **Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018** |
| **SAK 37 17-19** | **Protokoll frå møte nr. 03 i Skikrinsstyret** |
| **SAK 38 17-19** | **Protokoll frå møte nr. 04 i Skikrinsstyret** |
| **SAK 39 17-19** | **Protokoll frå møte nr. 05 i Skikrinsstyret** |

**RAPPORTERING**

| | |
|---|---|
| **SAK 40 17-19** | **Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018** |

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

| | |
|---|---|
| **SAK 41 17-19** | **Terminliste 2018-2019** |
| **SAK 42 17-19** | **Breiddesamlingar 12-16 år** |
| **SAK 43 17-19** | **Nasjonale renn og meisterskap 2018-2019** |
| **SAK 44 17-19** | **Handlingsplan 2017-2019** |
| **SAK 45 17-19** | **Sogn og Fjordane-leikane** |
| **SAK 46 17-19** | **Krinslaga i langrenn 2018-2019** |
| **SAK 47 17-19** | **Status markedsarbeid i langrennskomiteen** |
| **SAK 48 17-19** | **Sakliste Haustmøtet, 27. oktober 2018** |

**ORIENTERINGSSAKER**

| | |
|---|---|
| **SAK 49 17-19** | **Team Veidekke Vest** |

**EVENTUELT**

---

| | |
|---|---|
| **TIL STADES:** | Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Tor Arne Hov, Adrian Helgheim og Ingrid Narum (adm.) |
| **FORFALL:** | Anne Lilleaasen |

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 34 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 35 17-19** **Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 frå langrennskomiteen**

**Bakgrunn**

Protokoll nr. 03 17-19 frå langrennskomiteen er sendt ut tidlegare for godkjenning. Denne finn ein også vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 03 17-19.

**SAK 36 17-19** **Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå Vårmøtet er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek referatet til orientering.

**SAK 37 17-19** **Protokoll frå møte nr. 03 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 38 17-19** **Protokoll frå møte nr. 04 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 39 17-19** **Protokoll frå møte nr. 05 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek protokollen til orientering.

**RAPPORTERING**

**SAK 40 17-19** **Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 10.09.2018 er vedlagt.

Rapporten vert presentert i møtet.

**VEDTAK**
Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**
**SAK 41 17-19** **Terminliste 2018-2019**
**Bakgrunn**
Rammene for terminlista 2018-2019 vart lagt fram i samband med skikrinsen sitt Vårmøte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga, med svarfrist 15. september 2018.
Her oppmoda ein også laga til å melde interesse for å arrangere KM Fristil 30. des. 2018. I tillegg oppmoda ein fleire til å melde inn interesse for å arrangere SSF karusell.

Høyringsframlegg til Terminliste Langrenn 2018-2019 finn ein vedlagt.

Pr. 15. september er det komt følgjande innspel til terminlista:

1) **Førde IL v/ Arne Helgheim:**

*Hei!*

*Ang. «Merk m.a. at ein kan melde interesse for å arrangere **KM Fristil 30. des. 2018**. I tillegg oppmodar ein gjerne fleire til å melde inn interesse for å arrangere SSF karusell»*

*Denne trudde eg var lagt til Langeland? Er det noko spesiell grunn til at det no kan «søkast» på dette arr?*

*Førde IL langrenn lanserer Langeland som arr. stad – slik vår intensjon vel har vore.*

*Arne*

2) **Sogndal IL v/ Morten Bøthun:**

*Hei!*

*Har nokre innspel til terminliste utkastet frå SIL langrennsgruppe.*

***Tidlegrenn i Hodlekve** er fint. Men siste laurdag før jul er dårleg dato. Mykje betre å arrangere søndagen samme helga. Så føresler at vi set opp **søndag 16.desember i staden**. Fristil er ok*

***KM fristil 30.desember**. Her i Sogn er det mange som reiser til nyttårsrennet på Beitestølen 30.des for å måle krefter med østlendingane. Mange er også bortreist, så denne helga bør unngås. Forslag alt 1: Arrangere KM fristil på Langeland fredag 25.januar ettersom dette er KM*

*helga. Forslag alt 2: Arrangerer KM fristil i helga 6.april eller 7.april. Dette ville strekke langrennsesongen 2 veker til. Det må vera positivt for aktiviteten rundt om i klubbane. Det er trass alt sein påske i år, og det må vi utnytte til langrennsaktivitet for born og ungdom lengst mogeleg. Blir det KM 6.april eller 7.april så kan Sogndal IL arrangerer. Det er supre forhold i Hodlekve på den tida!!*

***SSF cup Bjørn med duatlon****. Det blir mest truleg i Leirdalen. Slik det var i fjor så var start og mål ulike plassar, der skibytte var ved start. Kanskje duatlon burde vore arrangert på Langeland, Ullsheim eller Tua der dei har store start/mål område?*

***SSF cup Hyen Klassisk*** *må flyttast ettersom Ungdommens Holmenkollrenn er fastsatt til 16-17.februar 2019. Føresler ny dato Hyen søndag 3.februar.*

*Ser at der er* ***auke i antall cuprenn for rekrutt*** *(11-16) frå 7 til 8 renn. Positivt. Men skal det framleis vera dei 5 beste renna som tel? Kan vel vera litt hardt å kreve at dei må gå minimum 6 renn for å bli med samalagt premiering. Formuftig at 5 av 8 renn tel!!*

***SSF cup Hodlekverennet*** *søn 13.jan klassik er ok*

***SSF karusell sonerenn Hodlekve*** *laur 9.febr fristil er ok*

*Mvh*
*Morten Bøthun*
*For langrennsgruppa SIL*

**3) <u>Fjellhug/ Vereide IL v/ Astrid Fjellestad Hauge</u>:**

*Hei.*

*For oss ser det ok ut, men kan gjerne få det* ***tidlegare på vinteren****, om nokon vil byte. Vi kan gjerne ha det på ein* ***søndag****, då det er lettare å få folk til og hjelpe til. Rennet kan også arrangerast i* ***fristil****, det er ingen problem no etter at vi fekk utbedra traseen for nokre år sidan.*

*Mh Fjellhug Vereide IL*
*Astrid Fjellestad Hauge*

**4) <u>IL Bjørn v/ Tore Sønnesyn</u>:**

*Følgjande tilbakemelding frå IL Bjørn:*

***Bjønnastarten 1. desember*** *er ok, men vi ønskjer at det skal gå i* ***friteknikk*** *i år.*
*Litt etter fristen, men føreslår at Bjønnstarten vert flytta 1 veke, til laurdag 8.12. Dette både på grunn av kollisjon med anna arrangement og fordi det då er større sjanse for at me har nok snø. Alternativ søndag 02. Desember.*

***KM i friteknikk 30. desember**. I utgangspunktet så ønskjer vi at KM blir arrangert samla på ei helg, men vi skjønar argumentet for å ha eit renn i romjula. 30. desember er det eit renn på Beitostølen (Nyttårsrennet) som mange frå krinsen tidlegare har vore med på. I fjor vart det og kollisjon med dette rennet og KM. Vi ønskjer at ein finn ein annan dato enn 30. desember, slik at ein kan få med seg begge renna, t.d. 29. desember. Rennet på Beitostølen er eit renn med god deltaking der vi får bryna oss mot mange gode løpar frå austlandet.*

***SSF CUP 19. Januar. Vi ønskjer ikkje å arrangere renn i SSF-cupen i år.** Grunngjevinga er todelt. Vi er etterkvart fåe aktive i klubben, og ønskjer å redusere belastningen på dugnadsfolka som hjelper oss mykje gjennom vinteren. I tillegg har det vore mykje bråk rundt lokaliseringa av renna våre dei siste åra, der andre klubbar har sterke meiningar om kor og korleis vi skal arrangere skirenn. Eg tykkjer det berre er bra om ein kuttar eit renn i SSF-cupen slik at får helgar der ein kan gjere andre ting, t.d. reise på skirenn andre plassar eller berre fokusere på trening.*

***Ungdommens Holmenkollrenn er elles den 16-17. februar**, så det betyr vel ei **flytting av Hyensprinten**.*

***Bjønnarennet er ok**. Vi håpar at det er snø på den tida.*

**5) <u>Syril IL v/ Eivind Brendehaug</u>:**

*Hei*
*Her kjem våre innspel til terminlista:*

*Vi registrer at heller ikkje i år er vi i utgangspunktet sett opp med eit renn. Vi lurer på kvifor det er slik?*

*Syril ski ønskjer eit SSF-cup renn, men reknar med at det ikkje er mogleg før enn neste sesong (2019/2020).*

*For denne sesongen vil vi arrangere eit sonerenn i fri teknikk. Aktuell dato kan vere laurdag 2. eller søndag 3. februar.*

*Helsing*
*Eivind Brendehaug*
*Leiar Syril ski*

**Framlegg til VEDTAK**
Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1)
Førde IL vert arrangør for SSF KM fristil 30. desember 2018.

Vedtak 2)
Krinsrenn i Hodlekve vert flytta til søndag 16. desember 2018.

Vedtak 3)
Bjønnastarten vert flytta til søndag 02. desember 2018 og endra til fristil.

Vedtak 4)
SSF Cup 19. januar 2019, arr. IL Bjørn, vert teke vekk. Klepparennet vert sett opp laurdag 19. januar 2019 i fristil.

Vedtak 5)
SSF Cup Kleivanerennet, arr. Fj./ Vereide IL, vert flytta til søndag 03. februar 2019 og endra til fristil.

Vedtak 6)
SSF Cup Hyesprinten vert flytta til laurdag 09. mars 2019.

Vedtak 7)
SSF Cup, arr. IL Jotun/ ÅTIL, 16. mars 2019 vert endra til klassisk for å få jamnare fordeling av stilart i SSF Cupen.

**SAK 42 17-19** **Breiddesamlingar 12-16 år**

Av breiddesamlingar i 2018 er det førebels gjennomført;

- Sognefjellet Sommarskiskule 24.-28. juni, med nær 40 deltakarar f. 2001-2007; https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/sognefjellet-sommarskiskule/
- Samling på Ullsheim 07.-09. september, med Sjur Ole Svarstad som hovudtrenar. Her stilte skikrinsen med trenarar. På denne samlinga deltok ca. 40 utøvarar f. 2003-2007; https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2018/9/miljosamling-ullsheim/

Vidare inviterar Førde IL og Gjøran Tefre til Enivest Skiskule på Langeland i perioden 11.-14. oktober 2018 (aldersgruppe 2002-2007).

Førde IL inviterar også til Jentesamling på Langeland 20. oktober 2018.

27. oktober 2018 er det «Treningssamling på tvers» (aldersgruppe 2002-2006) på Idrettens Møteplass i Sogndal.

Sogn og Fjordane Skikrins er samarbeidspart i alle tiltaka.

Det er førebels ikkje planlagt fleire jentesamlingar for hausten/ vinteren 2018/ 2019.

Sjå elles Sak 45 om treningssamling i samband med Sogn og Fjordane-leikane.

**VEDTAK**
Komiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å kontakte Markane IL v/ Margunn Hjelmeset vedr. evt. avvikling av jentesamling i samband med Ullsrenna (05.-06. januar 2019).

Torunn Grut følgjer opp vedtaket.

**SAK 43 17-19** **Nasjonale renn og meisterskap 2018-2019**

**Bakgrunn**
Oversikt over logistikken i samband med nasjonalerenn- og meisterskap 2018-2019 vart presentert i møtet.

Forøvrig vil Norges Skiforbund reservert overnatting/ innkvartering for samtlege kretsar i samband med følgjande arrangement:

- Norges Cup junior Konnerud, 11.-13. januar 2019
- Norges Cup junior Åsen, 08.-10. februar 2019
- Junior NM Savalen, 08.-10. mars 2019

Jf. rutinar i NSF har Sogn og Fjordane Skikrins bedt om å bli tildelt 34 sengeplassar for utøvarar og støtteapparat ifbm. desse arrangementa. Innan 05. oktober 2018 skal skikretsane få tilbakemelding om fordeling av overnatting/ sengeplassar.
Kretsane sjølv vil i år vere økonomisk ansvarleg for dei bookingene dei har avtalt.
I utgangspunktet er sengeplassane forbeholdt utøvarar på krinslaget m/ støtteapparat.

Når det gjeld øvrige nasjonale arrangement reserverer skikrinsen v/ adm. innkvartering.

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

**VEDTAK**
Langrennskomiteen gjer vedtak om at fellesopplegget på nasjonale renn knytt til senior skal avklarast nærare med aktuelle utøvarar.

Oddmund L. følgjer opp aktuelle seniorutøvarar og evt. samarbeid med Hordaland Skikrets saman med adm.

Langrennskomiteen gjer vidare vedtak om å førespørje følgjande personar om å vere med i støtteapparatet for junior:

- Tor Arne Hov, Kaupanger IL (org. ansvarleg)
- Jan Arve Lund, Kaupanger IL
- Inge Brigt Kvile, Førde IL
- Yngve Thorsen, Førde IL
- Bjørn Kristian Sunde, Førde IL
- Eivind Skår, Førde IL
- Jørund Hammersvik, Førde IL
- Bernt Ullebø, Førde IL
- Johannes Tufte, Sogndal IL

Hovudleiarar på nasjonale renn junior er Simen Bækken.
I tillegg vert følgjande personar førespurt:

- Roger Pollen
- Bertine T. Lefdal
- Olaug Grut Andersen

Tor Arne Hov følgjer opp støtteapparatet på nasjonale renn og meisterskap for junior saman med adm.

Komiteen gjer vedtak om at alle som skal levere ski leverer med kvit/ svart Marathon skismurning alt. dagsaktuelt glider. Pris pr. par vert også justert opp til på kr. 300,-.

**SAK 44 17-19** **Handlingsplan 2017-2019**

**Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

Planen finn ein vedlagt.

I møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte langrennskomiteen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling.

**SAK 45 17-19** **Sogn og Fjordane-leikane**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 08. desember 2018.

Greinkomiteane legg til rette for treningssamling søndag 09. desember 2018 same stad.

**VEDTAK**

Komiteen tek saka til orientering og gjer alles vedtak om at krinslaget bør stille på arrangementet og evt. kombinere det med fellestrening.

Vidare gjer komiteen vedtak om å legge til rette for ei treningssamling for aldersgruppa 12-16 år søndag 09. desember i Hodlekve. Her stiller aktuelle krinslagsløparar og ein nyttar elles trenarressursar frå krinslaget/ lokale trenarar.
Foreldre og andre interessert inviterast til å observere/ delta på øktene.

Torunn G. følgjer opp vedtaket saman med adm.

**SAK 46 17-19** **Krinslaga i langrenn 2018-2019**

**Bakgrunn**

Krinslaget i langrenn 2018-2019 består til saman 41 utøvarar.

28 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 8 løparar har «vinterpakke». Nokre av desse deltek på nokon av samlingane etter avtale (sjå vedtak i Sak 32 17-19).

Impulslaget (f. 2003) består av 13 utøvarar.

**Trenarar 2018-2019**

Hovudtrenar: Simen Bækken
Andre trenarar som vert nytta på samlingar:

- Bertine Thorsen Lefdal
- Roger Pollen
- Olaug Grut Andersen
- Sindre Hoff
- Sjur Ole Svarstad

I tillegg har ein nytta seg av Mathias Lilleheim som ekstern ressurs på basistrening.

**Krinslagskontingent 2018-2019**

- Impulslag (2003): Kr. 4 000,-
- Junior (2001-2002): Kr. 12 000,-
- Eldre Junior (1999-2000): Kr. 13 000,-
- Senior (1998-) Kr. 15 000,- (inkl. opne samlingar med Team Veidekke Vest)

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)
- «vinterpakke» senior, kr. 8 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Ver merksam på at krinslagsbekledninga er inkludert i kontingenten for «vinterpakkane».

For utøvarar med «vinterpakke» og som ynskjer å delta på nokre avtalte samlingar betalar ein kr. 200,- pr. samlingsdag i tillegg til kostnad med overnatting.

**Samlingsplan 2018-2019**

| **Fokus** | **Stad** | **Dato** | **Senior/ Eldre Jr.** | **Junior** | **Impuls** |
|---|---|---|---|---|---|
| Ski/ barmark | Sognefjellet /Skjolden | 07.-10. juni | X | X | |
| Barmark | Førde | 28. juni - 1. juli | X | X | X |
| Barmark | Markane | 09.-12. august | X | X | |
| Barmark | Jølster | 13.-16. september | X | X | X |
| Barmark | Hemsedal | 28. sept. - 2. oktober | X | X | |
| Barmark | Sogndal | 10.-14. oktober | X | X | X |
| *Barmark* | *Utlandet?** | *september/oktober* | *X* | | |
| Ski | Beitostølen | 7.-11. november | X | X | X |
| Ski | Gålå | 21.-25. november | X | | |

For seniorutøvarane er det også blitt lagt til rette for samlingar saman med Team Veidekke Vest.

Vidare er samlinga i Markane gjennomført saman med Møre og Romsdal Skikrets og Landslinja i skiskyting ved Stryn vgs., medan samlinga i Hemsedal vert gjennomført saman med Team Hallingdal/ Buskerud Skikrets.

**VEDTAK**
Langrennskomiteen tek saka til orientering.

**SAK 47 17-19** **Status markedsarbeid i langrennskomiteen**
**Bakgrunn**
Status i Sogn og Fjordane Skikrins - langrenn sitt markedsarbeid.

| Verksemd | Grein | Går ut | Status |
|---|---|---|---|
| ByggTeam AS | Langrenn | 2018 | Avtalen vart ikkje fornya. |
| Sparebanken S. og Fj | Langrenn | 2020 | Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2020). |
| Intersport Førde/ Erdal Sport AS | Langrenn | 2021 | Avtale reforhandla i 2018. |
| SFE | Hopp/ langrenn | 2019 | Avtale skal reforhandlast i 2019. |
| COOP Vest SA | Alpint/ langrenn | 2018 | Avtalen går ut 31.12.2018. Reforhandlast hausten 2018. |

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i sak 73 17-19:

- Coop Vest SA, ansv.: Tonje T. + adm.

**VEDTAK**
Komiteen tek saka til oritentering.

Adm. og Tor Arne H. følgjer opp ny aktuell samarbeidspart. I tillegg tek komiteen opp saka på Haustmøtet 27. oktober.

**SAK 48 17-19** **Sakliste Haustmøtet, 27. oktober 2018**
**Bakgrunn**
Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2018 skal avviklast 27. oktober i Sogndal på Idrettens Møteplass.

Langrennskomiteen fastset sakliste for møtet.

Ifbm. Haustmøtet 2017 la ein til grunn følgjande sakliste:

- Terminlista 2017-2018
- Fellesopplegg ifbm. nasjonalerenn og meisterskap 2017-2018
- Breidde-/ jentesamlingar
- Team Veidekke Vest
- Økonomisk rapport

**VEDTAK**
Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Haustmøtet 2018:

1) Terminlista 2018-2019
2) Fellesopplegg ifbm. nasjonalerenn og meisterskap 2018-2019
3) Breidde-/ jentesamlingar
4) Krinslaget 2018-2019
5) Team Veidekke Vest
6) Klubbutvikling/ klubbesøk
7) Status marked
8) Økonomisk rapport

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 49 17-19** **Team Veidekke Vest**

**Bakgrunn**

LK-leiar informerer m.a. om:

- sportsleg status;
  - 3 løparar frå Sogn og Fjordane: Gjøran Tefre, Torstein Bu, Jon Rolf Skamo Hope

- møtestruktur/ organisasjon;
  - faste telefonmøte

- økonomisk status;
  - mista sponsor før sesongen, utfordrande å få inn ny
  - NSF jobbar for å vidareføre regionslaga
  - laget har eigenkapital som vert nytta inneverande sesong
  - jobbar med å få inn støtte med mindre beløp frå ulike bedrifter

**VEDTAK**
Komiteen tek saka til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Oddmund Lefdal (s)
Leiar LK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

NORGES SKIFORBUND
SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

| Vedlegg SAK 85 17-19 SFSK LK referat Haustmøtet 2018 |
|---|

# Referat Haustmøte Langrenn, Sogndal 27.10.2018

**Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/Oddmund Lefdal.**
Enstemmig vedtatt.

**Sak 02) Val av referent: Anne Lilleaasen**
Enstemmig vedtatt.

**Sak 03) Orientering frå Haustmøtet i NSF v/ Torunn Grut**
Fluor:
- Langrennskomitéen i Norges Skiforbund innfører et fluorforbud i klassene til om med 16 år fra denne sesongen. Enstemmig vedtatt. Gjeld gliprodukt. Festesmøring med fluor er fortsatt lovlig.
- Finnes kontrollmåter å ta «juksere» på. En del debatt omkring dette i fjor, men grunnholdning i år er at et slik forbud er riktig.
- Vegard Ulvang mente vi må tørre å si at vi ønsker en idrett som er rein, ikke helseskadelig eller forurensende for miljøet.
- Ski som er rengjort er fri for fluor, selv etter 5 km er mye etter. Testing for fluor vil bli gjennomført før start.
- Finn Årdal: Fluorholdig smøring har vært dårlig reklame for skiforbundet, og glad for vedtaket.
- Oddmund Lefdal: Utfordring og barriere for rekruttering med dyr smøring, men også miljøaspektet må hensyntas.

Sesonginformasjon:
- NM Stafett. Alle lag skal få gå i mål. Lag som blir tatt igjen skal slippe forbi og ikkje henge seg på.
- Norges Cup junior: Poeng til de 50 beste, ny poengtabell. 50 løpere i finale i hver klasse.
Tabell ligger i referatet frå hausmøte NSF.

Utdanning:
- Ønsker at flere tar trenerutdanning
- Tilbyr grasrotkurs, treningsleder (trenger ikke like mange trenertimer som trener 1, litt oppmykning for å rekruttere flere trenerer), Trener 1 og Trener 2.

NSFs juniorsatsning
- Viktig med godt samarbeid mellom juniorlandslag og andre miljø for juniorer, ikke bare de offentlige skigymnasene

Para-idrett
- Økt innsats for å få flere inn i det vanlige systemet

**Sak 04) Terminlista 2018-2019 v/ Oddmund Lefdal**
- Rammene for terminlista ble lagt på Vårmøte 14.05.2018.
- Terminlista var sendt ut på høring med svarfrist 15.09.2018.

- Ønsker mest mulig aktivitet og flest mange aktører. Heldig nå med tidlig snø i Sogn og håper å få gjennomført hele terminlisten denne sesongen.

- Ønske om å legge aktivitetsdag i Sogndal/Hodlekve den 8. og 9. des., arr. av SFSK, inn på terminlisten. Må finne gode overnattingsmuligheter for tilreisende klubber.

- Ungdomsbirken går 9. mars 2019.
- Ungdomsstafett går 10. mars 2019.

- Det var litt diskusjon om renn på Langeland Skisenter den 28. og 30. des. burde arrangeres på dager etter hverandre, men gikk tilslutt for framlegget.

- Se på mulighet for å arrangere sprint fellesstart etter «Møre - og Romsdalsmodellen» ved senere anledning.

- Ikke lov med fellesstart for barn under 12 år, unntak for turrenn. En del barn synes det er «skummelt» med fellesstart.

- Terminlista ble godkjent slik den ligger føre.

**Sak 05) Fellesopplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap 2018-2019 v/ Tor Arne Hov**
Felles overnattingstilbud, hovedleder og smøretid. Dette er en del av kretslagskontingenten.

Andre rammer:
- På alle arrangement med fellesopplegg stiller skikrinsen med hovedleder (krinstrenere)
- Utfordring med kun 2 løpere i senior, derfor samarbeid med Hordaland skikrets.

Prøver å få til fast smøreteam for junior:
- Tor Arne Hov (leder), Jan Arve Lund, Inge Brigt Kvile og Yngve Thorsen
- Ved behov: Eivind Skaar, Bjørn K. Sunde, Jørund Hammersvik, Bernt Ullebø og Johannes Tufte
- Smøreteam HL 2019 – Gålå, ikke avklart foreløpig

Rutiner:
- NSF fortsetter med rutiner for overnattingsopplegg i samband med norgescup junior og junior NM kommende sesong.
- NSF reserverer alle sengeplasser på arrangørplassen og fordeler på kretsene.
- Skikretsen får tildelt et antall senger på Konnerud, Åsen og Savalen (2019)
- Antall tildelte sengeplasser er basert på erfaring fra tidligere år. Denne sesongen er vi tildelt 34 sengeplasser, dvs. at vi holder frem med samme praksis som i fjor der foreldre/foresette kan reservere innkvartering gjennom skikrinsen. Utøverne blir prioritert først.
- Frist for bestilling av innkvartering er bestemt av overnattingssted, og det må vi forholde oss til.
All info om fellesopplegg finnes på www.skikrinsen.no

**Sak 06) Krinslaget 2018-2019 v/ Tor Arne Hov**
Stor aktivitet og 40 løpere totalt, kretslag senior 2 løpere, kretslag junior har 26 utøvere, 12 impulsløpere

8 av 40 løpere er inne på vinterpakke, der en primært ikkje deltar på samlingene, men kun på fellesopplegg vintertid.
Godt fremmøte på samlingene

- God stemning i »gruppa»
- Trener er fornøyd med oppføring og utvikling

**Sak 07) Breidde-/ jentesamlingar v/ Torunn Grut**
2018:
- Jentesamling Ullsheim, 06-07. januar. Arr. Markane IL/SFSK
- Sognefjellet Sommarskiskule, 24.-26. juni, Arr. SFSK
- Breddesamling m/Sjur Ole Svarstad, 07.-09. september. Arr. Markane IL /SFSK
- Enivest Skiskule
- Jentesamling Førde 20. oktober. Arr. Førde IL
- Tveridrettslig treningssamling, Sogndal 27. oktober. Arr. SOFIK/SFSK

Planlagte samlinger vinter 2018-2019:
- Snøsamling 09. des. 2018 Hodlekve (i tilknytning til Sogn og Fjordane-leikane)
- Jentesamling Ullsheim i samband med SSF Cup januar 2019?

**Sak 08) Team Veidekke Vest v/ Oddmund Lefdal**
Team Veidekke Vest (spisset satsing for de beste og mest lovende skiløpere i Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) har som mål å blir Norges beste rekrutteringslag i langrenn med løperer som har ambisjoner om å komme opp på landslagsnivå. Siste året vi er inne i sponsoravtalen, og det knytter seg spenning til om vi får forlenget kontrakten for nye 3 år.
Team Veidekke kjører ganske likt «opplegg» som skikrinsen.

Sogn og Fjordane er representert med Gjøran Tefre og Torstein Bu (begge Førde IL) og Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL).

Team Veidekke Vest har problemer med å skaffe sponsorer. Det har vært gjennomført tiggerrunde i høst til foreldre og relasjoner på kr. 5.000 og kr. 10.000. Mange bedrifter har betalt.

**Sak 09) Klubbutvikling/ klubbesøk v/ Ingrid Narum**
- «Morgendagens arrangement» og «Er skigruppa i form?»
- Ingrid var på klubbesøk hos Gaular Langrenn denne uken med stort oppmøte.
- Hva kan vi bruke skikrinsen brukes til? Klubbmøte og informasjon på fagnivå eller legge til rette for opplegg.
- Se: www.skiforbundet.no/fagportal/ med undermenyer.

**Sak 10) Økonomi/ marked v/ Ingrid Narum**
- Status markedsavtaler
- Status rekneskap første halvår

**Eventuelt**

Ref.
Anne Lilleaasen

NORGES SKIFORBUND

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

**Vedlegg SAK 86 17-19 SFSK HKK protokoll nr. 04 17-19**

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: IN/HS Dato: 19.09.2018 Arkivk.: hkk/møter/innkalling/17-19

# PROTOKOLL TIL MØTE NR. 04 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2017-2019

**Stad:** Skype-/ telefonmøte
**Tidspunkt:** Onsdag 19. september 2018, kl. 20.00-21.30

**Sakliste**

**REFERATSAKER**
**SAK 31 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**
**SAK 32 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 frå HKK**
**SAK 33 17-19 Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018**
**SAK 34 17-19 Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret**
**SAK 35 17-19 Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret**
**SAK 36 17-19 Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**
**SAK 37 17-19 Treningssamlingar hausten 2018**
**SAK 38 17-19 Terminliste 2019**
**SAK 39 17-19 Status anleggsprosessar**
**SAK 40 17-19 Sakliste til Haustmøtet 27. oktober 2018**
**SAK 41 17-19 Fastsette rutine og praksis for reiserekning**

**EVENTUELT**

**TIL STADES:** Henning Sæthre, Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Brekke og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Lars Kveen

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 31 17-19** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
**Bakgrunn**
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 32 17-19** **Godkjenning av protokoll nr. 03 17-19 frå HKK**
**Bakgrunn**
Vedlagt er protokoll nr. 03 17-19 frå hopp- og kombinertkomiteen.
Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 03 17-19.

**SAK 33 17-19** **Referat frå Vårmøtet 14. mai 2018**
**Bakgrunn**
Referat frå Vårmøtet er vedlagt.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen tek referatet til orientering.

**SAK 34 17-19** **Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret**
**Bakgrunn**
Protokoll frå møte nr. 03 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 35 17-19** **Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret**
**Bakgrunn**
Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 36 17-19** **Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**
Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen tek protokollen til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 37 17-19** **Treningssamlingar hausten 2018**

**Bakgrunn**
Komiteen inviterar til treningssamling i Bjørkelibakkane i Stryn hausten 2018 slik;
søndag 30. september, 07. oktober, 21. oktober (reservere 28. oktober).

Hopp- og kombinertkomiteen står som arrangør med ansvar for trenarar og deltakarpremie, og med IL Veten som medarrangør.

**VEDTAK**
Komiteen vedtak framlegg til treningssamlingar for hausten 2018.

Samlingane vert annonsert som SFEsommarHopp på skikrinsen sine nettsider.

I tillegg bør ein oppmode utøvarar om å bli med på samling med Hedmark/ Oppland i Knyken (Orkanger) 12.-14. oktober.
Dei som har moglegheit kan reise på renn Vikersund 23. september.

**SAK 38 17-19** **Terminliste 2019**

**Bakgrunn**
Viser til vedtak i Sak 25 17-19;

*Komiteen gjer vedtak om at Jon Ove Lomheim saman med leiar følgjer opp arbeidet med utarbeiding av Terminliste 2019.*

**VEDTAK**
Komiteen gjer vedtak om at Jon Ove L. og Henning S. utarbeider framlegg til terminliste til Haustmøtet 27. oktober.

5. juledag er det renn i Gausdal. Komiteen diskuterer på Haustmøtet om ein skal ha ei krinssamling i samband med dette rennet.

**SAK 39 17-19** **Status anleggsprosessar**

**Bakgrunn**
Det er gjennomført møte/ synfaring vedr. etablering av ein mindre hoppbakkar (SIMEK) i Stryn sentrum. Notat frå møtet er vedlagt.

Det er gjennomført møte/ synfaring vedr. etablering av to mindre hoppbakkar (SIMEK) i Hafstadparken, Førde. Notat frå møtet er vedlagt.

**VEDTAK**
Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

**SAK 40 17-19** **Sakliste til Haustmøtet 27. oktober 2018**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2018 skal avviklast 27. oktober i Sogndal på Idrettens Møteplass.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 27. oktober 2018:

1) Terminliste 2019
2) Sogn og Fjordane-leikane 08. desember 2018
3) Treningstilbod vinteren 2019
4) Kurs-/ utdanningstilbod
5) Handlingsplan/ SUM
6) Status anleggsprosessar (Stryn, Hafslo, Førde, Vik)
7) Økonomisk rapport

**SAK 41 17-19** **Fastsette rutine og praksis for reiserekning**

**Bakgrunn**

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om at trenar/ hovudleiar får dekke reisekostnad til Hovudlandsrenn og Solan Gundersen, og evt. andre spesielle renn/ samlingar utanfor krinsen.

Leiar og adm. ser på rekneskapen til komiteen og kva som er rom for å dekke for utøvarar på samlingar hausten 2018, og legg dette fram på Haustmøtet 27. oktober.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

| | |
|---|---|
| Henning Sæthre (s) | Ingrid Narum (s) |
| Leiar HKK | Adm. sjef |

| Vedlegg SAK 87 17-19 SFSK HKK referat Haustmøtet 2018 |
| --- |

# Referat Haustmøte Hopp- og kombinert, Sogndal 27.10.2018

Til stades: Henning Sæthre (HKK/ Sogndal IL), Jon Ove Lomheim (HKK/ Hafslo IL),
Lars Kveen (HKK/ Stryn T&IL), Lars Brekke (HKK/ Vik IL), Jan Inge Årdal (HKK/ Jølster IL),
Per Birger Lomheim (Hafslo IL) og Ellen Sofie W Fredheim (Hafslo IL).
Adm. sjef til stades under sak 6, 7, 9 og 10. Leiar anlegg Halvard Nygård var til stades under sak 9 og 10.

## Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste

Haustmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

## Sak 02) Val av referent

Jon Ove Lomheim valt som referent.

## Sak 03) Terminliste 2018-2019

1. Haustmøtet vedtek terminlisteansvarleg (Jon Ove) sitt framlegg til «Terminliste Hopp-/ kombinert 2018-2019» med nokre justeringar.
   Jon Ove avklarar med Hordaland val av renn i Vestlandscupen
2. Jon Ove sender terminliste til Hordaland og Møre & Romsdal til info og eventuell ønskje om justeringar
3. Leiar er SFEhoppCup-ansvarleg, spesielt i høve marknadsføring og oppfølging av sponsoravtalen.
   Vidare er medlemane i komiteen ansvarleg for gjennomføring og oppfølging med bildedokumentasjon, marknadsføring m.m. for SFE-cupane slik:
   Jon Ove: Hafslo/Sogndal/Kaupanger
   Lars B: Vik
   Jan Inge: Sunnfjord
   Lars K: Nordfjord

## Sak 04) Sogn og Fjordane-leikane 08. desember 2018

1. SoF-leikane er innarbeid i terminlista til HKK.
   HKK vurderer seinare kor og kva treningssamling ein legg opp til søndag 9.desember
2. Jon Ove er kontaktperson for tilrettelegging av hoppbakkar saman med arrangør og retteleggar av arrangementet.
   Heile komiteen er ansvarleg for å bidra med gjennomføring og få med utøvarar med interesse spesielt for hopp.

## Sak 05) Treningstilbod vinteren 2019

1. HKK ønskjer avtale med Eskil Kveen og Stig Jarle som krinstrenarar for utøvarane i hopp og kombinert.
2. Leiar saman med administrasjon sørger for skriftleg avtale med krinstrenarane snarast.

**Sak 06) Kurs-/ utdanningstilbod**
Leiar planlegg trenar 1-kurs saman med Møre & Romsdal med kursleiar frå skiforbundet.

**Sak 07) Handlingsplan/ SUM**
Administrasjon gjekk gjennom handlingsplan og oppdaterte den saman med HKK.

**Sak 08) Bruk av SFEbakken**
Leiar saman med adm. set opp forslag til retningslinjer for disponering av SFE-bakken med ansvarleg for utlån og lagerplass. Innarbeid praksis for disponering og utleige innarbeidast i retningslinjene. Vidare skal komiteens ansvar for marknadsføring av bakken og SFE som sponsor innarbeidast i retningslinjene.

**Sak 09) Status anleggsprosessar (Stryn, Førde, Sogndal, Hafslo, Vik)**

1. Lars K refererte status for heilårsanlegg (med K8) i Stryn sentrum. Status referert frå møte synfaring i Stryn 7. september 2018 der adm. også var med). Plan og finansiering skal vera klar 1.12.2018. Planlagt bygging vår - sommar 2019. Notat frå møtet er vedlagt.

2. Nils Olav Kongsvik har teke ansvar etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Hafstad Idrettspark. Førebels ser det ut for at blir bygging av ein K10-bakke (K20 er usikker). Planlagt bygging 2019, jamfør vedlagt notat frå møte 11.09.2018.

3. Henning og Jon Ove (+ hoppgruppe i Sogndal) hadde møte med Sogndal Skisenter 15. november 2017 på Fosshaugane Campus i høve bygging av K10 + K20. Positivt møte, men det er skjedd lite etter det og prosjektet usikkert.

4. Jon Ove har teke ansvar for etablering av hoppbakkar ved Sogn skisenter. Det er godkjent reguleringsplan for 3 hoppbakkar frå K10 til K45 og inne i kommunal plan for bygging, men manglar avtale om grunn for å få idrettsfunksjonell godkjenning. K10+K19 er finansiert og klar for bygging i kommunal plan 2018-2019 medan K45 prioriterast i 2020-2023. K70 har usikker tidsplan. K10 + K19 er ute på tilbodskonkurranse hjå entreprenørar (frist 29.10.2018). Bakken vert finansiert som nærmiljøanlegg der K19 vert tilrettelagt for mest mogleg heilårsanlegg.
   Jon Ove har teke initiativ overfor Bjørn il til planlegging og bygging av heilårsanlegg med to bakkar K4 + K8 (evt K10) i Gaupne i staden for heilårsanlegg K10 ved Sogn skisenter.

5. Vik manglar prepareringsutstyr (trakkemaskin med vinsj) for å få drift på det nye hoppanlegget. Vik bør også jobbe for å få småe heilårsbakkar. Lars B arbeider vidare med mogleg bygging i Vik sentrum (i området skule – idrettspark).

**Sak 10) Økonomisk rapport**

1. Status rekneskap vart presentert av adm. i møtet.
   Haustmøtet tek rekneskapen til orientering.
2. Leiar og adm. vurderer kor mykje som kan dekkast i høve nasjonale renn sist vinter og samlingar i sommar/haust utanfor krinsen. Dei som har utgifter vert oppmoda om sende kvittering/rekning for i 2018 som grunnlag refusjon.

3. Leiar og adm. utarbeider retningslinjer som definerer kva som kan prioriterast for refusjon i høve nasjonale renn og samlingar utanfor krinsen frå komande vinter.

## Sak 11) Eventuelt

1. Henning orienterte for skiforbundet sitt haustmøte
2. Lars B orienterte frå skiforbundet sitt haustmøtet for dommarar (dommarlauget).
3. Jan Inge Årdal og Kari Gjelsvik fekk utlevert diplom (kursbevis) som godkjent krinsdommar. Gaute Brekke (ikkje til stades) har også fullført kurs og er godkjent krinsdommar.
   Jon Ove Lomheim manglar noko før godkjenning som krinsdommar.

Ref. Jon Ove Lomheim